

HELSENRORGE.NO

Helsenorge.no er den offentlege helseportalen for innbyggjarar i Noreg og er laga for å gje den enkelte pasienten eller dei pårørande eit betre og enklare møte med helsetenesta, og hjelpe dei med å auke meistringa, styrke pasientrolla og få ei betre helse. Innhaldet vert levert av ulike aktørar i helsesektoren, og det er Direktoratet for e-helse som har ansvar for drift og utvikling av nettstaden.

helsenorge.no

Her finn du oppdatert informasjon frå Helsedirektoratet om mellom anna

- Kjernejournal
- Fritt sjukehusval
- Ventetider
- Pasient og brukerorganisasjonar

Du må leite deg fram til tilstader og sjukdomar som er organisert i alfabetisk orden, til dømes vil du finna ulike psykiske sjukdomar, symptom, og behandlingforslag ved å trykka på P (for psykisk sjukdom)

HELSENRORGE.NO ER DELT I TO HOVUDELAR

Informasjonssider

Her finn du informasjon kvalitetssikra av offentlege helseaktørar og ein del sjukehus i Norge, om helse, livsstil, sjukdom, behandling og rettar. Her kan du òg søke etter fastlegar som har ledig plass.

Sjølveteningsløysingar

Ved å logge deg inn på min helse.no med personleg ID på helsenorge.no får du tilgang til ei rekke sjølveteningsløysingar, og du kan sjå helseinformasjon som er registrert om deg. Du kan blant anna sjå og redigere kjernejournalen din, byte fastlege, få oversyn over reseptane dine og sjekke vaksinane dine. Nokre tenester vil berre vere tilgjengelege for visse delar av landet.

PÅ HELSEDIREKTORATET.NO FINN DU BLANT ANNA

- Nasjonale retningslinjer for diagnostisering og behandling av ulike psykiske lidningar
- Informasjon om pakkeforløp for ulike tilstander

FOR OPPDATERING INNAN RECOVERYBASERT TILNÆRMING SJÅ SPESIILT

- Nasjonalt kompetansesenter for brukererfaring innan psykisk helse, www.erfaringskompetanse.no
- Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid i kommunane, www.napha.no

TIL PASIENTAR OG PÅRØRANDE

*Denne informasjonsmappa er hjelp til deg,
om du er pasient eller pårørande.*

INNHALD

Brev til pasient og pårørande | Velkomen til klinikk for psykisk helsevern

Nettadresser og telefonnummer | Klagemoglegheiter

Informasjon frå den post eller eining der du, eller ditt familiemedlem, mottek helsetenester

KLAGEMOGLEGHEITER

Om du eller den du er pårørende til ikkje er nøgd med behandlingstilbodet, vil vi de skal ta det opp med kontaktperson/ansvarleg behandlar direkte enten det gjeld poliklinikk, DPS eller på sjukehusa. Vi vil forsøke å finne løysingar som både pasient, pårørende og dei som er fagleg ansvarlege kan einast om. Vi melder feil og manglar inn i avvikssystemet vårt. De kan be om at klagen blir registrert og behandla der.
Adresse: Helse Fonna, Klinikk for psykisk helsevern, Postboks 2170, 5504 Haugesund. Adresser til ulike poliklinikkar og DPS, sjå www.helse-fonna.no.

Blir den du er pårørende til lagt inn på tvang, blir heftet «Utan samtykke, men med rettar i psykisk helsevern» lagt ved, eller du kan be om det. Heftet inneheld oversikt over kva slags klager de kan sende til dei ulike klageinstansane. Treng de hjelp til å finne ut av klagemoglegheitene kan de også ringje Pasient- og brukarombodet for råd og rettleiing. *Klarer vi ikkje å finne ei løysing som de er nøgd med, ber vi dykk klage til følgjande instansar*

PASIENT- OG BRUKAROMBODET

Pasient- og brukarombodet skal ivareta pasienten sine behov, interesser og rettsstryggleik ovanfor helsetenesta, og betre kvaliteten i helsetenestene. Dersom du ikkje er nøgd med helsehjelpa, ikkje får oppfylt dine rettar som pasient eller pårørende eller ønskjer hjelp til å løyse konflikhtar, kan du ta kontakt med Pasient- og brukarombodet. Sjå også www.pasientombudet.no.

- *Pasient- og brukarombodet Hordaland: Zander Kaaes gt. 7, 5015 Bergen. Telefon 55 21 80 90.
E-post: hordaland@pobo.no*
- *Pasient- og brukarombodet Rogaland: Postboks 8100, 4068 Stavanger. Telefon 95 33 50 50.
Besøksadresse: Gartnerveien 4 i Hillevåg i Stavanger. E-post: rogaland@pasientogbrukerombudet.no.*

FYLKESMANNEN

Pasienten kan klage på helsehjelp (utredning, behandling, rehabilitering, pleie og omsorg) eller manglande helsehjelp i institusjon etter Lov om pasient og brukarrettigheter §7. Ein klagar då først til den ansvarlege institusjon der helsehjelpa blei gitt. Dersom klagen ikkje vert imøtekomme eller svara på, kan ein klage denne inn for fylkesmannen. Klagen skal vere skriftleg. Klagen skal vere underteikna av pasienten eller den som pasienten har gitt fullmakt. I klagen kan ein be om kopi av alle brev som blir sendt og mottatt i saka, slik at ein kan halde seg orientert. Sjå også www.fylkesmannen.no.

- *Fylkesmannen Vestland: Fylkesmannen i Vestland, Postboks 7310, 5020 Bergen. Besøksadresse: Statens hus, Kaigaten 9, Bergen. Telefon 57 64 30 00. E-post: fmvlpost@fylkesmannen.no.*
- *Fylkesmannen Rogaland: Fylkesmannen i Rogaland, Helse og sosialavdeling, Postboks 59, 4001 Stavanger. Besøksadresse: Lagårdsveien 44, Stavanger. Telefon 51 56 87 00. E- post: fmropost@fylkesmannen.no*

KONTROLLKOMMISJONEN

Kontrollkommisjonen er eit klageorgan som fører tilsyn med at alle vedtak om tvang er lovleg fatta. Dei skal på eige initiativ kontrollere at dei formelle krav for alle tvangsinleggingar er oppfylt og at innlegginga er gjort på ein riktig måte. Vidare skal kontrollkommisjonen handsame klager på vedtak om etablering, oppretthalding eller opphør av tvungent psykisk helsevern. Ved klager om tvungen observasjon, etablering, oppretthalding eller opphør av tvungent psykisk helsevern, samt saker om overføring har pasienten rett til advokat etter lov av 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp.

Denne mappa er revidert av arbeidsgruppe med innspel frå erfaringskonsulentar, representantar frå Brukarutval og Brukarråd i klinikk for psykisk helsevern.

*Foto: colourbox.com
Layout: Eirik Dankel/Helse Fonna.
Første utgåve 2013. Rev. 2. g. 2019*

